

Delte ut skraper og sjekka lys

04.12.2009

Politiet har i dag gjennomført kontrollar i Uskedalen og på Seimsfoss der dei sjekka sykkel-lys og delte ut isskraper. 101 køyretøy og nokre syklistar vart stoppa.

Dei har ein kampanje der dei set fokus på rimete bilruter og i samband med dette vart det delt ut skraper. Dei syklistar som vart stoppa fekk sykkel-lys.

Bilistane er pålagde å skrapa rutene skikkeleg når det er frost og syklistane skal sjølvstakt bruka lys når dei sykklar i mørket. I Bergen får syklistar utan lys 900 kroner i førelegg. Det kan bli aktuelt også i Kvinnherad, seier lensmann Sigurd Børve til Kvinnheringen.

Bilistar som ikkje skrapar ruta får bot og kan i verste fall mista sertifikatet.